



Fellestener - Politisk sekretariat

Vår ref: 2016/4105-3

Dato: 21.12.2016

Til: Sigbjørn Øye

Frå: Bente Høyland

Ruteløyve for ferjedrift mellom Sunde og Jektevik

Kommunestyret hadde saka føre i møte 16.12.2016 som sak 2016/83.
Vedlagt følger utskrift av møteboka der vi syner til vedtaket.

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

2016/4105-2

Saksbehandlar

Peder Sjo Slettebø

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2016/83	Kommunestyret	15.12.2016

Ruteløyve for ferjedrift mellom Sunde og Jektevik

Innstilling frå ordførar:

Kommunestyret kan vanskeleg sjå at det er trafikkgrunnlag for å ha to ferjesamband mellom Kvinnherad og Stord. Kommunestyret meiner eit samband til på denne strekninga vil svekka grunnlaget for drifta i det eksisterande sambandet. Det vil vidare skapa uro kring pågåande prosjektarbeid med innkorting av ferjesambandet mellom Kvinnherad og Stord i regi av fylkeskommunen.

Behandling i Kommunestyret den 15.12.2016

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ KAI MORTEN TORGET, FRP:

Kvinnherad kommune ser ingen grunn til og vera negativ til privat ferjedrift mellom Sunde og Jektevik.

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ HEGE L. RØSSLAND, SF:

Kommunestyret vil stø søknaden om ruteløyve for ferjedrift mellom Sunde og Jektevik. Kommunen vil støtta dette alternativet for ferjedrift på denne strekninga, for å få erfaringar i frå bruken av strekninga i frå transportbransjen, private innbyggjarar og næringslivet. På sikt vil dette gje eit godt grunnlag for å vedta framtidige og gode samferdsleløyvingar for Kvinnherad kommune.

OVERSENDINGSFORSLAG FRÅ GRETHA RØD, AP:

For å unngå privat ferjedrift og samstundes ta næringslivet på alvor vil kommunestyret be administrasjonen å utgreia å flytta ferjesambandet Ranavik-Skjersholmane til Sunde-Jektevik og leggja bompengane for Halsnøysambandet på ferja.

Røysting: Nye forslag vart sett opp mot innstillinga til ordførar – 34 repr. under avrøysting. Ordførar si innstilling fekk 30 røyster og vart vedteken. Nye framsette forslag fekk 4 røyster og fall.

Oversendingsforslaget til Gretha Rød fekk 10 røyster og fall.

Vedtak frå Kommunestyret den 15.12.2016

Kommunestyret kan vanskeleg sjå at det er trafikkgrunnlag for å ha to ferjesamband mellom Kvinnherad og Stord. Kommunestyret meiner eit samband til på denne strekninga vil svekka grunnlaget for drifta i det eksisterande sambandet. Det vil vidare skapa uro kring pågåande prosjektarbeid med innkorting av ferjesambandet mellom Kvinnherad og Stord i regi av fylkeskommunen.

Saksutgreiing:

Økonomisk konsekvens:

Miljømessig konsekvens:

Vedlegg:

Søknad om ruteløyve for ferjedrift mellom Sunde og Jektevik